

INNSPEL FRÅ FLYKTNINGAR - VAKSENOPLÆRINGA

3. april vart det halde ein workshop på ressurscenteret i Vestnes, der om lag 40 flyktingar gav innspel til arbeidet med kommuneplanen. I arbeidet med kommuneplanen er det viktig å få innspel og innblikk i korleis dei nye innbyggjarane våre trivst og kva dei saknar i kommunen vår. Fleirtalet av deltakarane kom frå Ukraina, men det var også personar frå land som Afghanistan, Kongo, Syria og Eritrea til stades. Møtet starta med ei kort orientering om kommuneplanarbeidet, orienteringa blei oversett til ukrainsk.

TRIVSEL

Deltakarane uttrykte generelt sett tilfredsheit med å bu i Vestnes. Dei roste den vakre naturen, hyggelege menneske og det omsorgsfulle fellesskapet. Dei trivst med rolege omgjevnader, tryggleik og tilgang til det dei treng i kvardagen. Nokre peikte på språkkaféen som eit positivt tilbod.

POSITIVE TREKK VED VESTNES KOMMUNE

Det var stor semje om at Vestnes har flotte natur- og friluftsområde. Deltakarane sette pris på rolege omgjevnader, god utdanning og mange aktivitetar for både barn og vaksne. Dei skildra Vestnes som ein koseleg og vakker stad å bu i, med konsentrert handel og godt utbygde sykkelveggar.

SAKN

Dei fleste deltakarane sakna familie og vener frå heimlandet, og dei ønska fleire jobbtilbod i kommunen. Fleire peikte på behovet for betre offentleg transport, spesielt i helgene. Det blei òg peika på mangel på kulturelle tilbod som kino, karaokebar, ungdomsklubb og svømmebasseng for vaksne.

FRAMTIDSPLANAR

Mange uttrykte usikkerheit kring framtida på grunn av manglande jobbmoglegheiter. Nokre ønskjer å bli verande i Vestnes og stifte familie, men dei er bekymra for om dei kan bli økonomisk uavhengige. Dei som ønskjer å flytte frå kommunen, vil gjere det på grunn av betre jobbutsikter i større byar.

SÆRLEG VIKTIGE BEHOV

Deltakarane trekte fram viktigheita av å få jobb og moglegheita til å forsørge familien. Dei peikte på behovet for økonomisk stabilitet, tilgang til utdanning og sjukehus, og god offentleg transport. Fleire ønskjer å delta i norskkurs på B2-nivå og håpar på ein trygg og stabil framtid i Vestnes.

Vi tek med oss desse innspela i arbeidet med kommuneplanen, slik at Vestnes kan bli ein endå betre stad å bu for flyktingane som søker ein trygg kvardag her.

På neste side kan du sjå ein oversikt over alle innspela:

KORLEIS TRIVST DU I VESTNES KOMMUNE?

- Flott natur
- Her får vi det vi treng
- Eg føler meg bra
- Trivst, det er fin natur og hyggelege menneske.
- Vi likar språk-kaféen
- Vi føler trygghet
- Det er godt klima
- Det er eit omsorgsfullt fellesskap som bryr seg om lokalbefolkninga
- Vakker natur som er verna
- Hyggeleg og med fine menneske
- Veldig roleg
- Eg likar den vakre utsikten utanfor vindauget
- Roleg miljø
- Eg elsker å bu i Noreg og i Vestnes fordi her blir eg møtt med respekt!
- Eg likar menneska her
- Bra
- Ok

KVA ER BRA MED VESTNES KOMMUNE?

- Natur
- Være nær natur
- Stille som i ein landsby
- Roleg stad å bu og fine fjell
- Eg er veldig nøgd med Vestnes kommune
- Mange aktivitetar for barn og vaksne
- Hyggelege menneske
- Godt vatn
- Haldninga til menneske
- Ingen trafikkork
- Skulen
- God utdanning
- Folks forhold
- Mange matbutikkar
- God mat
- Eg får bra hjelp her
- Utmerka omsorg
- Liten befolkning
- Mange stader å nyte den vakre naturen og langt fortau for sykling
- Lite kjøpesenter kor du kan kjøpe alt du treng
- Handel konsentrert på ein stad
- Koseleg og vakker tettstad å bu i
- Språkkafé

KVA SAKNAR DU?

- **Familie, venner og heimlandet**
- **Fleire jobbtilbod**
- **Betre offentleg transport – spesielt i helgene**
- **Torg**
- **Ekstra norsktimar for barn og vaksne**
- **Mangel på jobbar for flyktningar**
- Saknar kino, ungdomsklubb, svømmebasseng for vaksne
- Leikeland og karaokebar
- Eg saknar betre og varmare vêr
- Norskurs B2
- Shopping
- Butikkar
- Kosmetikkbutikkar
- Eg saknar huset mitt, foreldre og sol
- Ukrainsk mat
- Eg saknar folk og morosame stader å gå
- Tillit til framtida
- Ingenting.- det er bra her
- Fleire kaféar
- Eg saknar vennene mine
- Livets rytme, heimlandet
- Ete ute
- Innvandrarbutikk
- Venner
- Offentleg transport er svært dårleg organisert og går kanskje ikkje som det skal, kan ikkje brukast i helgene.
- Legespesialistar – må reise til andre byar
- Manglar kjente produkt i butikkane
- Eg har eit problem – været, fordi eg budde under solen og her er det kaldt

TRUR DU DU VIL BLI VERANDE HER I KOMMUNEN? KVIFOR/KVIFOR IKKJE?

- **Eg bli værande om eg finn ein jobb.**
- **Eg vil studere**
- **Usikker, om eg får ein jobb.**
- **Eg vil stifte familie i Norge**
- Ja, eg trur vi blir
- Eg veit ikkje, blir medan krigen pågår
- Ja, for her er alt bra!
- Eg vil gjerne bli, men eg er redd for at eg ikkje vil finne økonomisk uavhengigheit
- Om eg ikkje får jobb må eg sjå etter ein større by
- Eg kan ikkje svare på dette, alt avheng av at eg finn ein jobb for meg her
- Om eg kan finne ein jobb og kan forsørge familien, så ja. – Eg blir ikkje her viss eg ikkje finn den jobben.
- Nei
- Eg vil studere. Eg vil gifte meg. Eg vil at barna skal leve i fred utan raketter.

KVA ER SPESIELT VIKTIG FOR DEG?

- **Jobb her**
- **Finne ein jobb og forsørge familien**
- **Finansiell stabilitet**
- **Bo trygt i nærleiken av familien**
- **Familie**
- Gode medisinske tenester
- Få jobb i nærleiken for eg har små barn
- Økonomisk friheit
- Jobb med tilstrekkeleg løn
- Få moglegheit til å studere og få vitnemål som oppfyller norsk standard
- Tru på framtida
- Stille
- Livet
- Norsk-kurs B2
- Fred
- Forståing
- Å ha gode folk rundt seg.
- God helse
- Bra offentleg transport
- Skule til meg og barna
- Hus
- Sjukehus
- Det er mange ukrainarar her